



Kåre Skibenes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/498 - 14/6979

Saksbehandlar:

Nina Randal

nina.randal@meland.kommune.no

Dato:

09.05.2014

## Referat styremøte i Meland Frivilligsentral

Møtedato: 05.05.2014

Møtestad: Meland Frivilligsentral

Møtetid: Kl. 18.00 – 19.20

Tilstades: Kåre Skibenes, Audun Håland, Nils Marton Aadland, Helge Kvam, Nina Randal

Forfall: Kjersti Monsen

8/14      **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Innkalling og sakliste godkjend.

9/14      **Godkjenning av referat 13.02.2014.**

Godkjend.

10/14     **Referansegruppe i Meland. Status.**

Dagleg leiar Meland Frivilligsentral og leiar for kultur hadde møte 22.04.14 med Meland Idrettsråd og Frekhaugmarka Vel. Tre andre organisasjonar var invitert til møtet, men måtte melde forfall. Møtet konkluderte slik:

Eit frivilligforum i Meland vil vera ein fin arena for kontakt/samspel mellom frivilligheten og kommunen. Frivilligsentralen kallar inn lag og organisasjonar til møte i frivilligforumet til hausten.

I møtet vart ein samde om at den Internasjonale Frivillighetsdagen 5. desember bør markerast i Meland. Dagen kan markerast med eit arrangement der organisasjonar og frivillige får visa fram sine aktivitetar. Eit arrangment på den Internasjonale frivillighetsdagen vil vera eit av temaene på møtet i Frivilligforumet.

11/14     **Frivilligsentralar i Nordhordland. Informasjon om aktivitetsprofil.**

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dagleg leiar orienterte om aktivitetsprofilane til Frivilligsentralane i Austrheim, Radøy, Lindås og Masfjorden. Informasjonen var henta frå dei daglege leiarane ved sentralane og frå sentralane sine nettsider.

Vedtak:

Styret tek stilling til aktivitetsprofil ved Meland Frivilligsentral på bakgrunn av ei Frivilligmelding når den forelegg.

12/14

**Frivilligmelding.**

Saka blei behandla før sak 11/14 i styremøtet.

Vedtak:

Styret i Frivilligsentralen rår til at Utval for levekår iverksett oppstart av Frivilligmelding i Meland, og at kommunestyret kan behandla meldinga innan 1 år.

Vedtaket blir sendt til Fellesrådet for uttale. Sjå vedlegg.

13/14

**Aktivitetar på sentralen.**

Dagleg leiar orienterte om aktivitetane på sentralen.

14/14

**Årsmøte 2014.**

Årsmøtet 2014 finn stad 18.juni kl.15.00 i Leirdalen. Møtet blir halde i forkant av kommunestyremøte.

Årsmelding

Vedtak:

Årsmeldinga vedtatt med endringar under kapitla om dataklubb, temekveldar og andre arrangement og samarbeid. Sjå vedlegg.

Rekneskap

Godkjend.

Audun Håland – Meland Idrettsråd - stiller ikkje til omvalg til styret.

Klara Hansen får ansvar for å kalla inn Valnemnda til møte.

08/13

**Eventuelt.**

Ingen saker under eventuelt.

**Merknad til sak 12/14 Frivilligmelding:**

Etter samråd med styreleiar blir vedtaket i sak 12/14 sendt til Fellesrådet og Meland Idrettsråd for uttale. Sjå vedlegg.

Med helsing

Nina Randal  
dagleg leiar Frivilligsentral

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Til Meland Idrettsråd  
Til Fellesrådet  
Årsmelding 2013

**Kopi til:**

Bente Bing Kleiva

**Mottakere:**

Kåre Skibenes  
Audun Håland  
Kjersti Monsen  
Nils Marton Aadland  
Helge Kvam